

**MØTEPROTOKOLL**

Utval: Kommunestyret
Møtedato 23.02.2023
Møtetid: Kl. 15:00 - 21:00
Møtestad: Kommunehuset – Kommunestyresalen

Av 21 medlemmer møtte 21, inkludert varamedlemmer.

Desse medlemmene møtte:	Parti:
Gunn Østvik Petersen	Ap
Harald Boge	Ap
Jon Magne Bogevik	Ap
Shirin Kvernes Khadoor	Ap
Anja Elisabeth Gjerde Markhus	Bl
Knut Harald Frøland	Bl
Knut Loneland Høibraaten	Bl
Lena Tveit	Bl
Martin Haugen	Bl
Ove Totland	Bl
Solveig Vassenden	Bl
Øyvind Steinsland	Bl
Karl Bård Kollbotn	Frp
Linda Haug Kollbotn	Frp
Odd Arne Haga	Frp
Arild Røen	H
Gunn Totland Moss	KrF
Oskar Røen	MDG
Øyvind Strømmen	MDG
Øyvind Røen	Sp
Monica Tjønnå	Uavh

Ugild:	Sak:	I staden møtte:	Merknad:
Karl Bård Kollbotn, Frp	005/2023	Håvard Tvedterås, Frp	
Linda Haug Kollbotn, Frp	005/2023	Svein Verner Røseth, Frp	
Odd Arne Haga, Frp	005/2023	Harald Kvalvåg, Frp	
Ove Totland, Bl	005/2023	,	
Anja Elisabeth Gjerde Markhus, Bl	007/2023	,	

Møtenotatar:

Sak som vart trekt frå saklista:

- Sak 011/2023 – Reguleringsplan Raunekleiva næringsområde

Andre saker på saklista som ikkje vart handsama:

Ordføraren foreslo kl. 20:05, etter handsaminga av sak 005, at møtet skulle avsluttast kl. 21:00 og at sakene 010, 018, 017 og 008 skulle handsamast først. Han foreslo vidare at dei sakene som ikkje var handsama ved møteslutt kl. 21:00, skulle handsamast på eit ekstramøte i kommunestyret.

Kommunestyret slutta seg til forslaget til ordføraren. Ved møteslutt kl. 21:00 var følgjande saker på saklista ikkje handsama:

- 009 – Vurdering av gratis skulemat ved Samnanger ungdomsskule
- 012 – Endring VA-gebyr sjølvkostområde Eikedalen
- 013 – Evaluering av transportordninga "Svinta"-skyss
- 014 – Auka økonomisk støtte til lag og organisasjonar
- 015 – Frisklivsentralen og trening for eldre
- 016 – Straumstøtte til bedrifter og næringsliv i Samnanger 2023
- 1 – Interpellasjon om senter for e-sport

Permisjonar:

- Martin Haugen (Bl) fekk permisjon frå møtet frå kl. 17:25, før røystinga i sak 002.

Varamedlemmer som møtte i delar av møtet:

- Dag Nydal (Bl) møtte som varamedlem for Martin Haugen i sakene 003 til 018
- Harald Kvalvåg (Frp) møtte som varamedlem for Odd Arne Haga (Frp) i sak 005
- Håvard Tvedterås (Frp) møtte som varamedlem for Karl Bård Kollbotn (Frp) i sak 005
- Svein Verner Røseth (Frp) møtte som varamedlem for Linda Haug Kollbotn (Frp) i sak 005

Andre som var til stades på møtet:

- Ove Sæbø, rådmann
- Karl Viken, kommunalsjef økonomi og organisasjon
- Bodil H. Øpstebø, kommunalsjef oppvekst
- Hilde-Lill Våge, kommunalsjef samfunnsutvikling
- Edith Oma, kommunalsjef helse og omsorg
- Jan Erik Boge, rådgjevar
- Marianne Soleng, avdelingsleiar servicesenteret (under orientering om felles kontaktsenter)
- Kjerstin Fyllingen, Haraldsplass Diakonale Sjukehus (under orientering om sjukehuset)
- Åse Nordstrønen, Haraldsplass Diakonale Sjukehus (under orientering om sjukehuset)
- Hallvard Tysse, Samningen (under orientering om lokalavisa Samningen)

Møteleiar:	Knut Harald Frøland
Møtesekretær:	Jan Erik Boge

Desse sakene vart handsama:

Sakliste

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2023	23/155	Godkjenning av innkalling og sakliste	
002/2023	23/156	Faste saker	
003/2023	18/554	FV. 49 Steinsdalen - Eikedalen	
004/2023	21/740	Uttale til opplegg for bompengerekrutering for nye E16 mellom Arna og Stanghelle	
005/2023	22/764	Sal av tomt – gbnr. 18/230 – Erikajorda	
006/2023	20/222	Årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Samnanger kommune	
007/2023	20/1030	Framtidig brannstasjon på Tjoraklumpen og Tysse	
008/2023	20/605	Avvikling av barnevernutvalet	
010/2023	23/91	Busetjing av flyktingar 2023 - oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)	
017/2023	21/828	Tilstandsrapport 2022 for barnevernstenesta i Samnanger	
018/2023	21/15	Søksmål barnevern	Ikkje offentleg
2023D01	23/156	Presentasjonar og dokument utlevert i møtet	

SAKNR. 001/2023: Godkjenning av innkalling og sakliste

23.02.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Monica Tjønnå (Uavh) orienterte om at ho ønskte at spørsmål 3 i KS Debattheft om mellomoppgeret 2023 skulle handsamast av kommunestyret. Formannskapet hadde 09.02.2023 oppe sak der dei vedtok svar på spørsmål 1 og 2 i debattheftet. Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) orienterte om at fristen for å senda svar til KS har gått ut. Monica Tjønnå trekte etter dette ønsket sitt om å få saka inn på saklista.

Ordførar Knut Harald Frøland orienterte om at han ønskte å trekka sak 011/2023 om reguleringsplan for Raunekleiva næringsområde frå saklista, og senda ho tilbake til administrasjonen. Rådmann Ove Sæbø orienterte om bakgrunnen for ønsket om å trekka saka. Kommunestyret vedtok samrøystes å trekka saka frå saklista og senda ho tilbake til administrasjonen.

Ordførar Knut Harald Frøland orienterte om at han ønskte å få inn ei tilleggsak på saklista; sak om søksmål barnevern. Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette.

KS- 001/2023 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent med desse endringane:

1. Sak 011/2023 vert trekt frå saklista og sendt tilbake til administrasjonen.
2. Tilleggsak om søksmål barnevern vert teken inn på saklista.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAKNR. 002/2023: Faste saker

23.02.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte:

Ingen merknader.

Interpellasjonar:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) viste til interpellasjonane (spørsmåla) frå Frp til møtet, og foreslo at handsaminga av desse vart flytta til slutten av møtet. Kommunestyret slutta seg til dette.

Orientering om felles kontaktsenter:

Ordførar Knut Harald Frøland orienterte om ei sak i Kommunal Rapport om dei positive erfaringane med felles kontaktsenter for kommunane Samnanger, Gulen og Osterøy. Etter dette orienterte avdelingsleiar ved servicesenteret, Marianne Soleng, om kontaktsenteret.

Orientering om Haraldsplass Diakonale Sjukehus:

Orientering ved adm. direktør Kjerstin Fyllingen og klinikkdirktør Åse Nordstrønen. Dei svara òg på spørsmål frå kommunestyret. Presentasjonen som vart vist i møtet, følgjer som vedlegg til møteprotokollen.

Orientering om lokalavisa Samningen:

Orientering ved redaktør Hallvard Tysse. Presentasjonen som vart vist i møtet, følger som vedlegg til møteprotokollen.

Ordføreren orienterer:

- **Solidaritetsmarkering for Ukraina på Bjørkheim 24.02.2023.** Kort orientering om arrangementet.

Økonomisk støtte til Flyktningehjelpen:

Ordførar Knut Harald Frøland orienterte om oppmoding frå Hitra kommune til andre kommunar om å gje økonomisk støtte på 10 kroner per innbyggjar til Flyktningehjelpen sitt arbeid i samband med jordskjelvet i Tyrkia og Syria. Ordføreren spurde om kommunestyret kunne støtta at Samnanger kommune gir 25 000 kroner til Flyktningehjelpen, med finansiering frå disposisjonsfondet. Kommunestyret slutta seg samrøystes til dette.

Rådmannen orienterer:

Orientering ved kommunalsjef oppvekst, Bodil H. Øpstebø:

- **Tre elevar ved Samnanger barneskule er best i vest i koding.** Orientering om sak i Samningen 23.02.2023.
- **Gratisprinsippet i skulen.** Svar på spørsmål stilt av Gunn Østvik Petersen (Ap) i kommunestyret 08.12.2022.
- **Elevundersøking 7. og 10. trinn.** Presentasjon av resultat av elevundersøking på 10. og 7. trinnet. Kopi av presentasjonen følger som vedlegg til møteprotokollen.

Orientering ved kommunalsjef helse og omsorg, Edith Oma:

- **Legevaktsamarbeid.** Informasjon om dialog med Bergen og Osterøy om mogleg felles legevakt i Åsane.
- **Utleige av sjukeheimplassar til nabokommune.** Informasjon om utleige av fire sjukeheimplassar i 1995-bygget på Samnangerheimen.
- **Ny barnevernsleiar.** Laila Grønn-Jensen er tilsett som ny barnevernsleiar. Ho startar i stillinga i mai.
- **Bemanningssituasjonen i barnevernet.** Kort orientering om bemanningssituasjonen.
- **Helseundersøkingar for flyktningar.** Svar på spørsmål stilt av Gunn Totland Moss (KrF) i formannskapet 09.02.2023.
- **Arbeidskle og klesgodtgjersle for tilsette i heimetenestene.** Svar på spørsmål stilt av Lena Tveit (Bl) i formannskapet 09.02.2023.

Orientering ved kommunalsjef økonomi og organisasjon, Karl Viken:

- **Rekneskap 2022.** Orientering om rekneskapa for 2022.
- **Økonomirapportering 2023.** Informasjon om planlagde rapporteringar i 2023.

Spørsmål:

Høyring av Energikommisjonen sin rapport – NOU 2023:3

Øyvind Strømme (MDG) spurde om sak om høyringsuttale til NOU 2023:3 (Energikommisjonens rapport) vil koma til handsaming i kommunestyret. Rådmann Ove Sæbø orienterte om at administrasjonen tek sikte på å leggja fram saka i neste møterunde.

Bruk av 1995-bygget på Samnangerheimen

Solveig Vassenden (Bl) viste til orienteringa om utleige av fire sjukeheimplassar i 1995-bygget på Samnangerheimen, og spurde om avgjerd om kva målgrupper som skal plasserast på 1995-bygget ikkje skal takast av kommunestyret. Ho viste i samband med dette til vedtak i eldrerådet om deira

ønske om bruken av 1995-bygget. Rådmannen kunne ikkje svara på spørsmålet om avgjerdsmynde.

Pårørandeutval ved Samnangerheimen

Solveig Vassenden tok opp at det er stort behov for eit pårørandeutval ved Samnangerheimen. Kommunalsjef Edith Oma svara.

Avviksrapportering

Monica Tjønnå (Uavh) etterlyste avviksrapportering til kommunestyret. Rådmann Ove Sæbø svara og orienterte om at avviksrapportar i dag blir lagt fram for arbeidsmiljøutvalet. Ordføraren og rådmannen vil avklara korleis avviksrapportering til kommunestyret skal gjennomførast.

Morsmålsopplæring for elevar frå Ukraina

Linda Haug Kollbotn (Frp) spurde om kva planar kommunen har for morsmålsundervisning for elevar frå Ukraina hausten 2023. Kommunalsjef Bodil H. Øpstebø svara.

Norskopplæring for flyktningar frå Ukraina

Linda Haug Kollbotn (Frp) spurde om det er planar om å tilby norskopplæring i Samnanger, i staden for i Bergen. Kommunalsjef Bodil H. Øpstebø svara.

Vegvedlikehald på Tveit

Linda Haug Kollbotn (Frp) spurde om det er planlagt vedlikehald eller utbetring av den kommunale vegen på Tveit (Tveitaflatane). Kommunalsjef Hilde-Lill Våge svara.

Snøbrøyting i idrettsanlegget i Hagabotnane

Oskar Røen (MDG) viste den nye ordninga med snøbrøyting av kunstgrasbanen i Hagabotnane, og orienterte om at han har fått klage frå brukarar av løpebanen (friidrettsanlegget) på at dei ikkje kan bruka anlegget fordi snøen blir brøytta ut i løpebanen. Han oppmoda om at snøen ikkje blir lagt i løpebanen.

Samrøystes vedtak.

KS- 002/2023 Vedtak:

Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

· Orienterings-/referatsaker vert tekne til orientering.

SAKNR. 003/2023: FV. 49 Steinsdalen - Eikedalen

23.02.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Utsetting av saka, sett fram av Knut Harald Frøland (Bygdalista):

Eventuell bompengefinansiering både på strekninga FV. 49 Eikedalen – Steinsdalen og E16

Trengereid – Arna kan medføre at bompengebelastninga for reisande mellom Samnanger/ Hardanger og Bergen blir uakseptabelt høg.

Arbeid med KVU E134 arm til Bergen er forventa fullført vinteren 2023 og resultat frå dette arbeidet kan ha stor betydning for framtidens vegnett og prioriteringar.

Samnanger kommune ber om at saka blir utsett til resultat frå KVU E134 arm til Bergen ligg føre.

Bompenger i Samnanger kommune, sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):

Samnanger kommunestyre viser til notat datert 13. desember 2022 og brev datert 23. januar 2023 frå Vestland fylkeskommune til Kvam herad og Samnanger kommune. Saka gjeld «Fv. 49 Steinsdalen – Eikedalen (tunnel forbi Tokagjelet). Oppstart av arbeid med fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering».

- Kommunestyret i Samnanger kommune, viser til at Stortinget frå 2020 har overført ansvaret for investeringar og drift av fylkesvegane til Vestland fylkeskommune. Samnanger kommunestyre er kritisk til at Vestland fylkeskommune ikkje har vist ambisjonar om å få realisert fylkesvegprosjekt som Tokagjelet, utan bruk av bompengebetaling. Kommunesstyret har merka seg at det i brev og notat frå Vestland fylkeskommune kjem fram at ny tunnel som erstattar vegstrekka Tokagjelet, truleg ikkje står ferdig før tidlegast 2030. Framdrift i prosjektet det vert vist til frå Vestland fylkeskommune er basert på godkjent kommunedelplan i 2020, reguleringsplanvedtak i 2025 og byggetid 5 år. Kommunestyret i Samnanger ber om at Vestland fylkeskommune aukar framdrifta i prosjektet.
- Kommunestyret i Samnanger har merka seg at Vestland fylkeskommune vil utarbeida eit «fagleg grunnlag» for delvis bompengefinansiering av ny tunnel, men vil peika på at vegprosjektet med dagens kalkulerte og opplyste kostnad i størrelsen 2,2 – 2,7 mrd. kr. i svært liten grad kan finansierast med bompengar. Skal det visa seg at eit fleirtal i framtida vil bompengefinansiera prosjektet, ber me om at den samla bompengebelastninga trafikkantane vil få som brukarar av Fv. 49 Bergen - Samnanger - Kvam og vidare til aust/vest sambanda, samt effekten og skadeverknadane ein kan få ved bruk av bompengar på framtidig busetnad, arbeidsmarknad, næringsutvikling og verdiskaping i Samnanger og nabokommunane vert gjort greie for.
- Kommunestyret i Samnanger ber Vestland fylkeskommune som vegeigar på nytt vurderer å finansiera tunnel forbi Tokagjelet utan bompengar. Dersom saka vert fremja på nytt frå Vestland fylkeskommune om bruk av bompengar vil kommunestyret i Samnanger be om at saka skal innehalda meir faktabasert informasjon som kostnad, finansiering og framdriftsplan for prosjektet.

Vedtak:

Samnanger kommune går i mot ei bompengefinansiering av tunnelen forbi Tokagjelet med bakgrunn i teksten over. Det betyr at Samnanger kommune seier nei til bompengereising innanfor Samnanger kommune sine grenser.

Alternativt framlegg til vedtak frå MDG, sett fram av Øyvind Strømmen (Miljøpartiet Dei Grøne):

Samnanger kommunestyre tilrår at fylkeskommunen startar utgreiing av eit fagleg grunnlag for bompengesak for fv. 49 Steinsdalen-Eikedalen, basert på bompengeprognoza som er føreslege av fylkeskommunen. Kommunestyret føreset at arbeidet skjer i eit nært samarbeide med kommunane.

Samnanger kommunestyre påpeiker at at trygg og rassiker fylkesveg er Vestland fylke sitt ansvar som vegeigar. Kommunestyret føreset at dette ansvaret vert vareteke i fordelinga mellom fylkeskommunal finansiering (rassikring) og brukarfinansiering.

Kommunestyret vil elles visa til at dette er ein mykje brukt pendlar-, turist- og næringsveg. I samband med nye E16 er det planlagt ny bomstasjon ved Trengereid. Med bom på Trengereid og

bompengefinansiering knytt til tunnel forbi Tokagjelet, kan ein totalt sett få ein avvisningseffekt på bruken av strekninga, også i område der trafikkregulerande omsyn ikkje tilseier dette. Kommunestyret ber difor om at utgreiinga synleggjer den totale framtidige bompengebelastninga mellom Norheimsund og Bergen, og vurderer moglege konsekvensar for pendling, turisme og næringsliv.

Sak 003/23, sett fram av Øyvind Røen (Senterpartiet):

Samnanger kommune seier nei til bompengefinansiering av rassikring på fv. 49, Eikedalen–Steinsdalen.

Arbeid med KUV E134 arm til Bergen er forventa fullført vinteren 2023, og resultatet av denne utgreiinga kan ha mykje å seia for det framtidige vegnettet i regionen vår og kva prioriteringar som må gjerast.

Samnanger kommune ber Vestland fylkeskommune om at saka om bompengar på den aktuelle strekninga vert utsett til KVU E134 er klar.

Fellesframlegg Bl, Frp, Sp, KrF

Handsaming:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram framlegg til vedtak.

Karl Bård Kollbotn (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Ordførar Knut Harald Frøland foreslo at det i resten av møtet skulle vera taletid på maksimalt tre minuttar per innlegg. Kommunestyret slutta seg til dette.

Øyvind Strømmen (MDG) sette fram framlegg til vedtak.

Karl Bård Kollbotn bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen (Sp) fram eit fellesframlegg frå Bl, Frp, Sp og KrF.

Knut Harald Frøland og Karl Bård Kollbotn trekte framlegga sine.

I røystinga vart framlegget til Øyvind Strømmen sett opp mot fellesframlegget frå Bl, Frp, Sp og KrF. Fellesframlegget fekk 13 røyster og vart vedteke. Framlegget til Øyvind Strømmen fekk 8 røyster.

For fellesframlegget frå Bl, Frp, Sp og KrF	For Øyvind Strømmen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Monica Tjønnå (Uavh)
Lena Tveit (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Harald Boge (Ap)
Ove Totland (Bl)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Øyvind Steinsland (Bl)	Arild Røen (H)
Solveig Vassenden (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Dag Nydal (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	

KS- 003/2023 Vedtak:

Samnanger kommune seier nei til bompengefinansiering av rassikring på fv. 49, Eikedalen–Steinsdalen.

Arbeid med KUV E134 arm til Bergen er forventet fullført vinteren 2023, og resultatet av denne utgreiinga kan ha mykje å seia for det framtidige vegnettet i regionen vår og kva prioriteringar som må gjerast.

Samnanger kommune ber Vestland fylkeskommune om at saka om bompengar på den aktuelle strekninga vert utsett til KVU E134 er klar.

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Uttsettelse av saka, sett fram av Odd Arne Haga (Framstegspartiet):

Samnanger kommune sier nei til bompenger for et prosjekt som omhandler rassikring av Tokagjelet og at bilister som ikke bruker tunnelen, likevel skal betale for veistrekningen.

Prinsippet er at kun brukere av rassikrings-tunnelen skal betale bompenger, dersom det blir innført på strekningen.

Saken utsettes inntil KVU's innstilling til stamveg foreligger.

09.02.2023

Handsaming:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Øyvind Røen (Sp) sette fram framlegg om å senda saka vidare til kommunestyret utan innstilling frå formannskapet.

Odd Arne Haga (Frp) trekte framlegget sitt.

I røystinga vart framlegget til Øyvind Røen sett opp mot framlegget til rådmannen. Framlegget til Øyvind Røen vart samrøystes vedteke.

FORM- 008/2023 Vedtak:

Saka vert sendt vidare til kommunestyret utan innstilling.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune tilrår at Vestland fylkeskommune startar utgreiing av eit fagleg grunnlag for bompengesak for fv. 49 Steinsdalen – Eikedalen, basert på bompengepropellet som er føreslege av fylkeskommunen. Kommunestyret føreset at arbeidet skjer i eit nært samarbeid med kommunane.

SAKNR. 004/2023: Uttale til opplegg for bompengeneinnkreving for nye E16 mellom Arna og Stanghelle

23.02.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Utsetting av saka, sett fram av Knut Harald Frøland (Bygdalista):

Eventuell bompengefinansiering både på strekninga FV. 49 Eikedalen – Steinsdalen og E16 Trengereid – Arna kan medføre at bompengebelastninga for reisande mellom Samnanger/ Hardanger og Bergen blir uakseptabelt høg.

Arbeid med KVV E134 arm til Bergen er forventa fullført vinteren 2023 og resultat frå dette arbeidet kan ha stor betydning for framtidens vegnett og prioriteringar.

Samnanger kommune ber om at saka blir utsett til resultat frå KVV E134 arm til Bergen ligg føre.

Nei til bompenger Arna - Trengreid, sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):

Bompengefri vei (eksisterende) fra Samnanger til Arna, forslag fra Samnanger FrP. Samnanger Frp har sendt inn en resolusjon i FÅM i Vestland FrP, som er vedtatt og er oversendt til fylkestingsgruppen. Det er kommunisert at det skal betales bompenger på strekningen Arna – Trengereid i forbindelse med utbyggingen av K5 prosjektet. Denne «gamle» veien/Arnanipa-tunellen, er nedbetalt av bilister fra Samnanger og omkringliggende kommuner. Det er da urettferdig at en skal betale bompenger to ganger for samme veistrekning. Bilister fra Samnanger kommer til å bruke «gamleveien», da de aller fleste er pendlere til Arna stasjon.

De nasjonale retningslinjene for bompenger er som følger: «Kravet om sammenheng mellom nytte og betaling er eit viktig prinsipp som skal ligge til grunn for all bompengeneinnkreving. Det inneber at dei som betalar bompengar, skal ha nytte av prosjektet bompengane finansierer. På same måte må dei som har nytte av prosjektet vere med å betale». I 2019 slo Granavolden-plattformen fast at regjeringa vil: Som hovudregel unngå bom på sidevegar, med mindre det er naudsynt for å realisere prosjektet. Sist oppdaterte retningslinjer for bruk av bom på sideveg kom 6. april 2020. Her skriv Samferdselsdepartementet: «Bom på sideveier kan benyttes for vedtatte og fremtidige prosjekter dersom det etter en konkret vurdering er nødvendig for at prosjektet skal kunne realiseres innenfor de rammene som er forutsatt i NTP 2018-2029. I arbeidet med fremtidige bompengeprojekt må bruk av bom på sidevei særskilt begrunnes». Link: <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/bk360/5862473/Statens-vegvesen-Fagleg-grunnlag-for-delvis-bompengefinansiering-datert-29-04-2022>

Vedtak:

Samnanger kommune v/kommunestyret, skal arbeide sterkt for at denne veistrekningen ikke skal bompengebelastes to ganger. Alle sideveier skal være bomfrie, etter at K5 vei-prosjektet er ferdigstilt. Det skal heller ikke gjennomføres forhåndsinnkreving av bompenger på strekningen. Dette betyr at Samnanger kommune sier: Nei til bompenger på «gamleveien» fra Arna til Trengereid.

Handsaming:

Karl Bård Kollbotn (Frp) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet sette Øyvind Røen (Sp) fram følgjande fellesframlegg frå Bl, Frp, Sp og KrF: "Samnanger kommune seier nei til bompengefinansiering av ny E16 Trengereid – Arna.

Arbeid med KUV E134 arm til Bergen er forventa fullført vinteren 2023, og resultatet av denne utgreiinga kan ha mykje å seia for det framtidige vegnettet i regionen vår og kva prioriteringar som må gjerast.

Samnanger kommune ber Staten / Statens Vegvesen om at saka om bompengar på den aktuelle strekninga vert utsett til KVU E134 er klar."

Knut Harald Frøland (Bl) trekte framlegget som han hadde lagt inn i Møteportalen.

Karl Bård Kollbotn (Frp) trekte framlegget som han hadde lagt inn i Møteportalen.

I røystinga vart innstillinga til formannskapet sett opp mot fellesframlegget frå Bl, Frp, Sp og KrF. Fellesframlegget fekk 13 røyster og vart vedteke. Innstillinga til formannskapet fekk 8 røyster.

For fellesframlegget frå Bl, Frp, Sp og KrF	For formannskapet si innstilling
Knut Harald Frøland (Bl)	Monica Tjønnna (Uavh)
Lena Tveit (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Harald Boge (Ap)
Ove Totland (Bl)	Jon Magne Bogevik (Ap)
Øyvind Steinsland (Bl)	Arild Røen (H)
Solveig Vassenden (Bl)	Øyvind Strømmen (MDG)
Dag Nydal (Bl)	Oskar Røen (MDG)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	
Odd Arne Haga (Frp)	
Karl Bård Kollbotn (Frp)	
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	

KS- 004/2023 Vedtak:

Samnanger kommune seier nei til bompengefinansiering av ny E16 Trengereid – Arna.

Arbeid med KUV E134 arm til Bergen er forventa fullført vinteren 2023, og resultatet av denne utgreiinga kan ha mykje å seia for det framtidige vegnettet i regionen vår og kva prioriteringar som må gjerast.

Samnanger kommune ber Staten / Statens Vegvesen om at saka om bompengar på den aktuelle strekninga vert utsett til KVU E134 er klar.

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

bompenger, sett fram av Odd Arne Haga (Framstegspartiet):

Vedtak:

Veistrekningestrekningen Arna – Trengereid ikke skal bompengebelastes.

Eventuell bomstasjon skal plasseres øst for Trengereid

09.02.2023

Odd Arne Haga - FRP

Handsaming:

Odd Arne Haga (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

I røystinga vart framlegget til Odd Arne Haga sett opp mot framlegget til rådmannen. Framlegget til rådmannen fekk 7 røyster og vart vedteke. Framlegget til Odd Arne Haga fekk 1 røyst (Odd Arne Haga).

FORM- 015/2023 Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til Statens vegvesen sitt tilrådde bompengelopplegg slik det kjem fram i pkt. 5.4 i dokumentet *E16 Arna – Stanghelle, Fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering* d. 29.04.22.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til Statens vegvesen sitt tilrådde bompengelopplegg slik det kjem fram i pkt. 5.4 i dokumentet *E16 Arna – Stanghelle, Fagleg grunnlag for delvis bompengefinansiering* d. 29.04.22.

SAKNR. 005/2023: Sal av tomt – gbnr. 18/230 – Erikajorda

Ugild:	I staden møte:	Merknad:
Karl Bård Kollbotn, Frp	Håvard Tvedterås,	
Linda Haug Kollbotn, Frp	Svein Verner Røseth,	
Odd Arne Haga, Frp	Harald Kvalvåg,	
Ove Totland, Bl	,	

23.02.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

18/230, sett fram av Arild Røen (Høgre):

Som administrasjonen sitt forslag, men setning 3 strykes

Erikajorda, sett fram av Gunn Totland Moss (Kristeleg Folkeparti):

Vurdera ein del av tomta til framtidig demensbustad

Gildskap:

Karl Bård Kollbotn (Frp), Odd Arne Haga (Frp) og Linda Haug Kollbotn (Frp) bad om å få gildskapen sin vurdert. Bakgrunnen for dette var at Karl Bård Kollbotn og Odd Arne Haga er interessentar som ønskjer å kjøpa eigedom, og at Linda Haug Kollbotn er gift med Karl Bård Kollbotn. Alle tre gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen deira, og følgjande personar gjekk inn som varamedlemmer:

- Håvard Tvedterås (Frp) – varamedlem for Karl Bård Kollbotn
- Harald Kvalvåg (Frp) – varamedlem for Odd Arne Haga
- Svein Verner Røseth (Frp) – varamedlem for Linda Haug Kollbotn

Karl Bård Kollbotn og Linda Haug Kollbotn vart samrøystes funne ugilde, med heimel i forvaltningslova § 6, jf. kommunelova § 11-10. Odd Arne Haga vart funnen ugild med 20 mot 1 røyst, med same heimel som ovanfor. Svein Verner Røseth røysta for at Odd Arne Haga var gild. Som følgje av vedtaket deltok dei tre varamedlemmene òg i resten av handsaminga av sak 005.

Ove Totland bad om å få gildskapen sin vurdert. Bakgrunnen for dette var at han har ein bror som er eigar av ein naboeigedom til Erikajorda. Han gjekk frå medan kommunestyret vurderte gildskapen hans. Han vart funnen ugild med 16 mot 4 røyster. Heimelen for ugildskap var den same som i avsnittet ovanfor.

Gild	Ugild
Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)	Knut Harald Frøland (Bl)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Lena Tveit (Bl)
Gunn Totland Moss (KrF)	Solveig Vassenden (Bl)
Øyvind Steinsland (Bl)	Dag Nydal (Bl)
	Svein Verner Røseth (Frp)
	Harald Kvalvåg (Frp)
	Håvard Tvedterås (Frp)
	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
	Gunn Østvik Petersen (Ap)
	Harald Boge (Ap)
	Jon Magne Bøgevik (Ap)
	Øyvind Røen (Sp)
	Arild Røen (H)
	Øyvind Strømmen (MDG)
	Oskar Røen (MDG)
	Monica Tjønnhaugen (Uavh)

Handsaming:

Arild Røen (H) sette fram framlegg til vedtak.

Shirin Kvernes Khadoor (Ap) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet trekte Arild Røen framlegget sitt.

Øyvind Røen (Sp) sette fram eit framlegg som var identisk med rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet trekte Øyvind Røen det første framlegget sitt, og sette fram følgjande justerte framlegg på vegner av seg sjølv og Øyvind Strømmen (MDG):

"Eigedomen gbnr. 18/230 vert lagt ut for sal på den opne marknaden. Rådmannen arbeider ut framlegg til opsjonsavtale, som vert lagt fram for godkjenning i kommunestyret. Det skal i forkant av val av avtalepart lysast ut ei kunngjering der moglege interessentar kan melda seg."

Knut Loneland Høibraaten (Bl) sette fram eit framlegg som var identisk med rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka.

Gunn Totland Moss (KrF) sette fram framlegg til vedtak.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget til Gunn Totland Moss. Framlegget fall med 2 mot 18 røyster. Gunn Totland Moss og Solveig Vassenden (Bl) røysta for framlegget.

Det vart så røysta over framlegget til Øyvind Røen og Øyvind Strømmen. Framlegget vart vedteke med 11 mot 9 røyster.

For	Imot
Øyvind Steinsland (Bl)	Knut Harald Frøland (Bl)
Dag Nydal (Bl)	Knut Loneland Høibraaten (Bl)
Shirin Kvernes Khador (Ap)	Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Lena Tveit (Bl)
Harald Boge (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Jon Magne Bogevik (Ap)	Svein Verner Røseth (Frp)
Øyvind Røen (Sp)	Håvard Tvedterås (Frp)
Arild Røen (H)	Harald Kvalvåg (Frp)
Øyvind Strømmen (MDG)	Gunn Totland Moss (KrF)
Oskar Røen (MDG)	
Monica Tjønnha (Uavh)	

På bakgrunn av at framlegget til Øyvind Røen og Øyvind Strømmen vart vedteke, vart det ikkje gjennomført eiga røysting over framlegget til Knut Loneland Høibraaten.

KS- 005/2023 Vedtak:

Eigedomen gbnr. 18/230 vert lagt ut for sal på den opne marknaden. Rådmannen arbeider ut framlegg til opsjonsavtale, som vert lagt fram for godkjenning i kommunestyret. Det skal i forkant av val av avtalepart lysast ut ei kunngjering der moglege interessentar kan melda seg.

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Gildskap:

Det vart innleiingsvis reist spørsmål om gildskapen til Odd Arne Haga (Frp). Bakgrunnen for dette er at han er ein av interessentane som har gitt eit tilbod til kommunen om å kjøpa eigedomen som saka gjeld (gbnr. 18/230). Odd Arne Haga gjekk frå medan formannskapet vurderte gildskapen hans. Han vart samrøystes funnen ugild og deltok ikkje i handsaminga av saka. Heimel for vedtaket om ugildskap var forvaltningslova § 6 andre ledd første punktum, jf. kommunelova § 11-10.

Handsaming:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) sette fram framlegg om å senda saka vidare til kommunestyret utan innstilling.

I røystinga i saka vart framlegget til Knut Harald Frøland sett opp mot framlegget til rådmannen. Framlegget til Knut Harald Frøland vart samrøystes vedteke.

Etter røystinga sette Gunn Totland Moss fram ønske om synfaring på eigedomen før kommunestyret sitt møte 23.02.2023 kl. 15:00. Ordførar Knut Harald Frøland orienterte om at han tek sikte på at det vil bli tilbod til kommunestyremedlemmene om synfaring 23.02.2023 kl. 14:00.

FORM- 014/2023 Vedtak:

Saka vert sendt vidare til kommunestyret utan innstilling.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Eigedomen gbnr. 18/230 vert lagt ut for sal på den opne marknaden. Rådmannen har fullmakt til å inngå opsjonsavtale om sal, og gjennomføra sal av eigedomen. Det skal i forkant av val av avtalepart lystast ut ei kunngjering der moglege interessentar kan melde seg.

SAKNR. 006/2023: Årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Samnanger kommune

23.02.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 006/2023 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Samnanger kommune

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2022 for kontrollutvalet i Samnanger kommune

SAKNR. 007/2023: Framtidig brannstasjon på Tjoraklumpen og Tysse

Ugild:	I staden møte:	Merknad:
Anja Elisabeth Gjerde Markhus, BI	,	

23.02.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Tilleggsframlegg i sak 07/23, sett fram av Monica Tjønnå (Uavhengig representant):

Tillegg i 3. kulepunkt i rådmann sitt framlegg til vedtak:

Vi må og sjå på moglegheita for å plassera ny brannstasjon til venstre i starten på innkjørsla til Lønnebakken. Ein vil då oppfylle 10-minutters-objektskrava både til sjukeheimen og Skottabakken.

Monica T.

UA

Brannstasjon på Indre Tysse, sett fram av Karl Bård Kollbotn (Framstegspartiet):

- Samnanger kommune skal bygge helt ny brannstasjon. Det er i sakspapirene antydnet at det skal tas høyde for en midlertidig løsnning – på å rehabilitere den gamle stasjonen på Indre Tysse for inn til 2 millioner kroner. Dette er en løsnning som kommunestyret ikke kan slutte seg til.
- Å kjøpe Røde Kors bygget, ser vi ikke som en nødvendighet. Men, Kommunestyret kan slutte seg til å få en opsjonsavtale med Røde Kors, dersom bygget/tomten skal selges.
- Det er planlagt parallelt å utarbeide tegninger og andre løsnninger. Dette mener kommunestyret er bortkastet tid. Brannstasjonen må bygges umiddelbart. Ren/skitten sone skal etableres, med hensyn på HMS for brannmannskapene. Og dette er den raskeste gjennomførbare løsnningen for en helt ny brannstasjon.
- Under rivning og bygging av ny brannstasjon på Indre Tysse, settes det opp en midlertidig Rubbhall, som leies inn for formålet. Den plasseres på parkeringsplassen som er tvers over veien for eksisterende brannstasjon pr. i dag.
- I tillegg ligger den nåværende stasjonen i et område – regulert til bolig. Utrolig at stasjonen har vært brannstasjonen har vært i drift i så mange år – uten at området er blitt omregulert. Kommunestyret vedtar at området på Indre Tysse blir umiddelbart regulert for formålet – brannstasjon, slik at bygging av ny kan påbegynnes snares mulig.
- Viser til uttale fra Paul Henriksen: «Slik det er opplyst, er Skottabakken ikkje eit objekt som utløyser krav til 10 minutt utrykkingstid ved brann. Det vert føresett at branntryggleiken vert halde på eit

tilfredsstillende nivå, slik at krav til branntryggleik til ei kvar tid er oppfylt. Det må leggast fram dokumentasjon på at den nye delen oppfyller TEK17 og er fullsprinkla. Det må òg dokumenterast at den gamle delen ikkje krev assistert rømming. Slik det er opplyst, ser det ut til at Skottabakken er eit objekt der brann- og redningsvesenet si utrykkingstid ikkje skal overstige 20 minutt.» Dette betyr i klartekst at plassering på Indre Tysse ikke er en utfordring.

- Responstiden fra Indre Tysse kan kortes ned dersom det blir etablert «avkuttete pyramider» - til erstatning for fartsdumpene som er etablert pr. i dag.
- Indre Tysse brannstasjon ligger også sentralt plassert mellom to skoler – dette er også viktig å ta med i positiv retning.
- Kommunen eier tomten og det er rikelig med parkering på den kommunale parkeringsplassen tvers over veien. Fartsgrense i området er på 30 km/t, så inn/utkjøring fra stasjonen er ikke forbundet med fare.
- Det er blitt uttalt at forbindelse med kjøpet av administrasjonsbygget på Frøland, at det skulle ligges til rette for at alt personell som kommer inn under brannberedskapen, skulle bruke treningsfasilitetene i dette bygget. Det må stå ved lag.
- Det ble også uttalt at rengjøring av alt materiell/bilpark, kunne benytte seg av anlegget på Frøland. Dette må også stå ved lag. Dette betyr at anlegget på Frøland har en langt større verdi enn pr. i dag.
- Kommunestyret vil ber om at Rådmann tar kontakt med SVV(Statens Vegvesen) og Vestland Fylkeskommune og får klarert ut om det er muligheter for økonomisk bidrag til finansieringen av ny brannstasjon i kommunen vår. Vi har flere lange tunneller på Fylkesveiene gjennom Samnanger kommune – og derfor ber vi om støtte til en god og rask brann/redningstjeneste også langs med fylkesveiene.

Vedtak:

Rådmann setter i gang en prosess for å regulere tomten på Indre Tysse med formål – brannstasjon. Parallelt skal det innhentes priser på ny brannstasjon. Når anbud er gitt, skal kommunestyret i Samnanger kommune ta stilling til en totalentreprise for hele arbeidet. Alt annet arbeid skal opphøre, med hensyn på annen plassering av brannstasjon.

Framlegg, sett fram av Shirin Kvernes Khadoor (Arbeiderpartiet):

Foreslår å fjerne kulepunkt 2 om vurdering av Røde Kors-bygget som langsiktig løsning i Rådmann sitt framlegg, med grunngjeving at me ikkje ser dagens lokasjon som føremålstenleg for framtidig brannstasjon.

Gildskap:

Anja Elisabeth Gjerde Markhus (Bl) bad om å få gildskapen sin vurdert, på bakgrunn av at far hennar er grunneigar på Tjoraklumpen. Ho gjekk frå medan kommunestyret handsama gildskapen hennar. Ho vart samrøystes funnen ugild.

Handsaming:

Shirin Kvernes Khadoor (Ap) sette fram framlegg til vedtak.

Monica Tjønnå (Uavh) sette fram framlegg til vedtak.

Karl Bård Kollbotn (Frp) sette fram framlegg til vedtak.

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om gruppemøte.

Etter gruppemøtet trekte Karl Bård Kollbotn framlegget sitt.

Røysting:

Det vart først røysta over framlegget til Monica Tjønnna. Framlegget fall med 9 mot 11 røyster.

For Monica Tjønnna sitt framlegg	Imot Monica Tjønnna sitt framlegg
Monica Tjønnna (Uavh)	Knut Harald Frøland (Bl)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Lena Tveit (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Knut Loneland Høibraaten (Bl)
Harald Boge (Ap)	Øyvind Steinsland (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Arild Røen (H)	Dag Nydal (Bl)
Øyvind Strømmen (MDG)	Linda Haug Kollbotn (Frp)
Oskar Røen (MDG)	Odd Arne Haga (Frp)
Ove Totland (Bl)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
	Øyvind Røen (Sp)
	Gunn Totland Moss (KrF)

Det vart så røysta over framlegget til Shirin Kvernes Khadoor. Framlegget fall med 9 mot 11 røyster.

For Shirin Kvernes Khadoor sitt framlegg	Imot Shirin Kvernes Khadoor sitt framlegg
Monica Tjønnna (Uavh)	Knut Harald Frøland (Bl)
Shirin Kvernes Khadoor (Ap)	Lena Tveit (Bl)
Gunn Østvik Petersen (Ap)	Knut Loneland Høibraaten (Bl)
Harald Boge (Ap)	Øyvind Steinsland (Bl)
Jon Magne Bøgevik (Ap)	Solveig Vassenden (Bl)
Arild Røen (H)	Dag Nydal (Bl)
Øyvind Strømmen (MDG)	Linda Haug Kollbotn (Frp)
Oskar Røen (MDG)	Odd Arne Haga (Frp)
Ove Totland (Bl)	Karl Bård Kollbotn (Frp)
	Øyvind Røen (Sp)
	Gunn Totland Moss (KrF)

Det var til slutt røysta over framlegget til rådmannen. Framlegget vart vedteke med 11 mot 9 røyster.

For rådmannen sitt framlegg	Imot rådmannen sitt framlegg
Knut Harald Frøland (Bl)	Monica Tjønnna (Uavh)
Lena Tveit (Bl)	Shirin Kvernes Khadoor (Ap)
Knut Loneland Høibraaten (Bl)	Gunn Østvik Petersen (Ap)
Øyvind Steinsland (Bl)	Harald Boge (Ap)
Solveig Vassenden (Bl)	Jon Magne Bøgevik (Ap)
Dag Nydal (Bl)	Arild Røen (H)
Linda Haug Kollbotn (Frp)	Øyvind Strømmen (MDG)
Odd Arne Haga (Frp)	Oskar Røen (MDG)
Karl Bård Kollbotn (Frp)	Ove Totland (Bl)
Øyvind Røen (Sp)	
Gunn Totland Moss (KrF)	

KS- 007/2023 Vedtak:

Rådmannen får mandat til

- å gjennomføre mellombelse tiltak til inntil 2 mnok på brannstasjonen på Tysse. Tiltaka vert finansiert med avsette midlar i økonomiplanen til brannstasjon i 2023.
- å vurdere om kjøp og ombygging av Røde Kors-bygget til brannstasjon kan vere ei langsiktig løysing.
- parallelt å arbeide fram forslag på andre tomter og utarbeide planteikningar som kan vere eigna som framtidig brannstasjon. Tomtene må vere i tråd med responstida til 10 minutts-objekta og til 20 minutts-objekta.

Kostnadskalkyle for eventuell ombygging på Tysse og tomteforslag med ny stasjon vert innarbeid i økonomiplanen for perioden 2024–2027.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen får mandat til

- å gjennomføre mellombelse tiltak til inntil 2 mnok på brannstasjonen på Tysse. Tiltaka vert finansiert med avsette midlar i økonomiplanen til brannstasjon i 2023.
- å vurdere om kjøp og ombygging av Røde Kors-bygget til brannstasjon kan vere ei langsiktig løysing.
- parallelt å arbeide fram forslag på andre tomter og utarbeide planteikningar som kan vere eigna som framtidig brannstasjon. Tomtene må vere i tråd med responstida til 10 minutts-objekta og til 20 minutts-objekta.

Kostnadskalkyle for eventuell ombygging på Tysse og tomteforslag med ny stasjon vert innarbeid i økonomiplanen for perioden 2024–2027.

SAKNR. 008/2023: Avvikling av barnevernutvalet

23.02.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 008/2023 Vedtak:

Samnanger kommune avviklar barnevernutvalet frå og med 23.02.23, jf. *Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune* datert. 20.10.22 (sak KS-065/2022).

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune avviklar barnevernutvalet frå og med 23.02.23, jf. *Retningslinjer for barnevernsutvalet i Samnanger kommune* datert. 20.10.22 (sak KS-065/2022).

SAKNR. 010/2023: Busetjing av flyktningar 2023 - oppmoding frå Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDi)

23.02.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 010/2023 Vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek å ta imot og busetje 15 flyktningar i 2023. Talet inkluderer ikkje familiegjenforeiningar.
2. Samnanger kommune kan per no ikkje opne for ta imot fleire flyktningar enn dette i 2023 sjølv om behovet skulle auke, men vil gjere ei ny vurdering dersom det gjennom året kjem ei ny konkret oppmoding frå IMDi.
3. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottek til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta kan disponere.
4. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som følgjer med flyktningane som vert busette i Samnanger kommune.
5. Rådmannen skal jamnleg rapportere status for busetjinga, inkludert økonomi, til kommunestyret.

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 004/2023 Vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek å ta imot og busetje 15 flyktningar i 2023. Talet inkluderer ikkje familiegjenforeiningar.
2. Samnanger kommune kan per no ikkje opne for ta imot fleire flyktningar enn dette i 2023 sjølv om behovet skulle auke, men vil gjere ei ny vurdering dersom det gjennom året kjem ei ny konkret oppmoding frå IMDi.
3. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottek til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta kan

disponere.

4. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som følgjer med flyktningane som vert busette i Samnanger kommune.
5. Rådmannen skal jamnleg rapportere status for busetjinga, inkludert økonomi, til kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Samnanger kommune vedtek å ta imot og busetje 15 flyktningar i 2023. Talet inkluderer ikkje familiegjenforeiningar.
2. Samnanger kommune kan per no ikkje opne for ta imot fleire flyktningar enn dette i 2023 sjølv om behovet skulle auke, men vil gjere ei ny vurdering dersom det gjennom året kjem ei ny konkret oppmoding frå IMDi.
3. Kommunestyret gjev rådmannen fullmakt til å disponere tilskota kommunen mottok til føremålet. Det inneber mellom anna å bemanne opp administrasjonen og dei tenestene som er naudsynte for å kunne gje flyktningane eit velfungerande bu- og opphaldstilbod. I tillegg kan det tyde å inngå leigeavtalar om bustadar, innkjøp av naudsynt utstyr som flyktningane treng i det daglege, samt innkjøp/leasing/leige av bil som flyktningtenesta kan disponere.
4. Finansiering av tiltaka skal skje innanfor ramma av integreringstilskotet som følgjer med flyktningane

som vert busette i Samnanger kommune.
5. Rådmannen skal jamnleg rapportere status for busetjinga, inkludert økonomi, til kommunestyret.

SAKNR. 017/2023: Tilstandsrapport 2022 for barnevernstenesta i Samnanger

23.02.2023 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteken.

KS- 017/2023 Vedtak:

Tilstandsrapport 2022 for barnevernstenesta i Samnanger vert teken til orientering.

09.02.2023 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FORM- 013/2023 Vedtak:

Tilstandsrapport 2022 for barnevernstenesta i Samnanger vert teken til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport 2022 for barnevernstenesta i Samnanger vert teken til orientering.

SAKNR. 018/2023: Søksmål barnevern**23.02.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Ordførar Knut Harald Frøland (Bl) bad om at møtet vart lukka under handsaminga av denne saka. Møtet vart lukka medan kommunestyret tok stilling til dette. Det vart samrøystes vedteke å lukka møtet under handsaminga av saka, med heimel i kommunelova § 11-5 tredje ledd bokstav b, jf. offentleglova §§ 18 og 23.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KS- 018/2023 Vedtak:

Kommunestyret godkjenner forslaget til rettsforlik i erstatningssaka som advokat Endre Rutledal har reist mot Samnanger kommune på vegner av familien Bolstad.

Kommunestyret godkjenner òg det framlagte utkastet til pressemelding om forliket.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner forslaget til rettsforlik i erstatningssaka som advokat Endre Rutledal har reist mot Samnanger kommune på vegner av familien Bolstad.

Kommunestyret godkjenner òg det framlagte utkastet til pressemelding om forliket.

SAKNR. 2023D01: Presentasjonar og dokument utlevert i møtet**23.02.2023 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Oversikt over presentasjonar og dokument som vart viste og/eller utleverte i møtet:

- Presentasjon Haraldsplass Diakonale Sjukehus (vist i sak 002 Faste saker)
- Presentasjon Samningen (vist i sak 002 Faste saker)
- Presentasjon Elevundersøking 2022 (vist i sak 002 Faste saker)
- Svar på spørsmål frå Frp til kommunestyremøtet 23.02.2023 (sendt ut på e-post under møtet)

Dokumenta følgjer som vedlegg til møteprotokollen.

KS- 2023D01 Vedtak:

Sak utan vedtak.

